

---

**Saksnr:** 2020/36933-10  
**Saksbehandlar** Katharine Louise Clarke  
**Dato:** 19.10.2020

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Vestlandsrådet – endringar i internasjonalt arbeid

Fylkesrådmannen vil gjere Vestlandsrådet merksam på endringar i ansvar og rolle inn mot internasjonale oppgåver.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har delegert fire verv knytt til norske internasjonale forhold til Vestlandsrådet. Vestlandsrådet fordelte desse oppgåvene mellom dei fire fylka i 2007.

Tre av desse oppgåvene fell vekk frå 2021 i samband med regionreforma og den nye programperioden for Interreg.

Desse fire verva er:

- Administrativt nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet (Hordaland)
- Politisk representant i Europapolitisk forum (Møre og Romsdal)
- Administrativ representant i den tilhøyrande administrative kontaktgruppa i Europapolitisk forum (Rogaland).
- Administrativ representant i styringskomitéen for Nordatlantisk samarbeid (NORA), ivareteke av Sogn og Fjordane.

Det har dei siste åra vore praksis å rapportere frå alle desse verva på kvart møtet i Vestlandsrådet.

KMD har endra organiseringa av nasjonale kontaktpunkt for Interreg-programma. For den nye programperioden 2021-2027 har KMD tildelt oppgåva som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet til Vestland fylkeskommune (sjå vedlegg). Av formelle grunnar er det difor ikkje lenger relevant med rapportering til Vestlandsrådet for desse oppgåvene. Det er likevel ein fordel at alle dei tre vestlandsfylka har auka fokus på deltaking i Interreg Nordsjøprogrammet 2021-2027, blant anna fordi programmet skal følgje opp Nordsjøstrategien.

Europapolitisk forum har endra form og det skal no berre vere eit møte i året. Alle fylka har ein representant i forumet frå 2021, når det nye forumet startar opp. Kontaktgruppa er avvikla, og KS tek over organiseringa saman med KMD.

Det er ingen endringar i vervet knytt til NORA. Vestland fylkeskommune held difor fram med å gjennomføre desse oppgåvene, herunder rapportering til Vestlandsrådet.

Det er viktig at Vestlandsrådet held fram med å vere aktiv i diskusjonar som påverkar rammevilkår og forvaltning av Nordsjøregionen. Vestlandsfylka står sterkare når dei samarbeider for å påverke norske myndigheiter og norsk forvaltning. Vestlandsrådet kan koordinere innspel i eventuelle europeiske og norske høyringar for å sikre gode rammevilkår for Vestlandet.

Det er nokre gongar ei utfordring med slik koordinering grunna korte fristar. Fylkesrådmannen har administrative ressursar som kan overvake dette, i eit samarbeid med dei to Brussel-kontora.

Fylkesrådmannen vil derfor vidareføre det administrative samarbeidet på tvers av fylkesgrensene om internasjonale oppgåver, som grunnlag for eventuell koordinering i Vestlandsrådet i aktuelle spørsmål på dette området.